



Audun Eik er styremedlem i Kvinnherad Sogelag og har hatt ansvaret med å førebu årsmøte i Gamleskulen i morgon, laurdag 27. april.

Kvinnherad Sogelag har i helga lagt årsmøte 2019 til Uskedalen, laurdag 27. april kl. 13 i Gamleskulen. Audun Eik frå Uskedalen er styrmedlem. Anny Nygård Mehl har vore leiar dei siste åra. Etter årsmøte og lunsj vert det informasjon om verksemda Hjørnevåg og tur til Vonheim og Haugland skulemuseum.

Kvinnherad Sogelag har medlemer frå heile kommunen. Det er venta eit frammøte på over 50 medlemer til årsmøte i morgon.

Kvinnherad Sogelag er utgjevar av sogeskriftet Kvinnhersminne. Det kjem ut kvart andre år. Tema i 2017 var Islandsfiske, brudlaupstradisjonar og det å vera i utanriksteneste. Kvinnhersminne 2019 vil handla om lokalhistorisk arbeid i skulen. Lars Jostein Rørvik er skriftstyrar. Heile styre er skriftstyre.

På årsmøte i Kvinnherad Sogelag er det vanleg at det vert lagt inn ei kulturhistorisk vandring i den bygda årsmøte er. I Uskedalen vil ein ha fokus på fiskematprodusenten Hjørnevåg og deira arbeid i Uskedalen som går over tre generasjonar, frå starten i 1948 og til i dag.

På Haugland vil ein få fram historia til forsamlingshuset Vonheim, som før var ungdomshuset Helgheim. Her vil ein gjenskapa eit lagsmøte slik det var i eit frilynd ungdomslag på 1930 talet. Krinsskulen på Haugland er i dag kommunalt skulemuseum. Ein skuledag i gamle dagar nedkorta til 45 minuttar står på programmet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



I Vonheim (tidlegare Helgheim) vil ein gjenskapa eit lagsmøte slik det var i ungdomslaga på 1930 talet .